

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Dato:

2011/595 - 1247/2012

Hans K. Stenby, 51 96 38 17

15.03.2012

Høyring om revidert fastlegeforskrift

Styret i Helse Vest RHF behandla høyringssak om revidert fastlegeforskrift i møte 07.03.12, jf sak 32/12.

Styret vedtok følgjande uttale:

Korleis fastlegeordninga er utforma vil også vere ein viktig premiss for at fleire pasientar kan få behandling i kommunen. Det gjeld både i forhold til førebyggjande tiltak, men også i utvikling av gode pasientforløp mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.

Fastlegane har ei særskild viktig rolle i den samla helsetenesta, inkludert gjennomføring av samhandlingsreforma. Fastlegane tilvisar til spesialisthelsetenesta og korleis fastlegeordninga verkar er også av stor viktighet for spesialisthelsetenesta.

Helse Vest RHF vil i hovudsak støtte opp om forslaga i utkast revidert forskrift om fastlegeordninga.

Det gjeld m.a. krav om meir vekt på førebygging, utadretta og oppsøkande verksemd og eit heilskapleg ansvar for pasientane på lista, også dei som ikkje oppsøker fastlegen men kor det er grunn til å anta at dei likevel treng helsehjelp.

Det er viktig med god tilgjengelegheit og at pasientane raskt kan få hjelp utan at Helse Vest tar konkret stilling til dei foreslåtte tidsrammene.

Sett frå spesialisthelsetenesta er samstemtheit om god tilvisingspraksis og arbeidsdeling viktig. Det er også viktig at det er samstemtheit om kva medisinar pasienten brukar.

For å betre kvaliteten på tenestene til alvorlig kronisk sjuke, er det viktig med et nært samarbeid (praktisk og elektronisk) mellom fastlegane og kommunen sine pleie- og omsorgstenester. For denne pasientgruppa generelt, særleg i siste del av livet, er oppfølging av fastlege i heimen grunnleggjande for å hindre at pasienten må gjennomgå unngåelege og belastande innleggingar i sjukehus.

God samhandling mellom fastlegane og spesialisthelsetenesta krev at det blir lagt til rette for elektronisk overføring av informasjon mellom partane.

Ut frå den sentrale funksjonen fastlegeordninga har vil Helse Vest også støtte at kommunane får betre mogelegheit for å styra og integrera fastlegane i den samle helse- og omsorgstenesta. Det er såleis også naturleg at reguleringa i større grad blir forskriftsfesta.


Det vil også vere ønskeleg å få meir kunnskap om pasientane og tilbodet hos fastlegane.

Sjølv om dei fleste krava ikkje er nye kan det stillast spørsmål ved om alle krava og forventningane til fastlegane som går fram av høringsutkastet, lar seg foreine på ein god måte.

Helse Vest saknar ei nærare drøfting av korleis dei samla krava og forventningane vil innverke på kapasitet og prioritering i fastlegeordninga, og vil rå til at dette blir gjennomgått.

Skal alle oppgåvene ivaretakast på ein god måte synest det naudsynt å auke kapasiteten, det vil sei fleire fastlegar og at fastlegane også kan nytte anna personell til oppfølging av til dømes pasientar med kroniske lidingar.

Med helsing


Hans K. Stenby
plansjef